

TILLEGGSSTIPEND ERASMUS+

Du må sjølv informere BAS om dette når du søker om utveksling.

A. Studentar med barn eller andre omsorgsansvar

Alle studentar med barn under 18 år, uavhengig av om barnet er med på mobiliteten eller ikkje, kan få tilleggsstipend. Ein kan likevel berre få eitt tilleggsstipend; ein får ikkje noko meir viss ein har fleire barn.

Studentar med omsorgsansvar for yngre søsken, eldre familiemedlemmer og/eller familiemedlemmer med alvorleg psykisk- og/eller fysisk sjukdom, og dessutan rusavhengnad, kan òg få tilleggsstipend.

B. Studentar med varig funksjonsnedsetjing og kroniske sjukdommar

Alle studentar som fell inn under [FN sin definisjon av personar med funksjonsnedsetjing](#), blir rekna som "studenter med færre moglegheiter". Denne definisjonen er omfattande og presiserer at funksjonsnedsetjinga eller den kroniske sjukdommen må vere langvarig eller permanent, og den må i vesentleg grad hindre individet til å delta i samfunnet på lik linje med andre.

Funksjonsnedsetjinga handlar ikkje om mellombelse eller lette utfordringar, men om tilstandar som vesentleg avgrensar moglegheitene for deltaking på same vilkår som andre. Dette kan til dømes inkludere fysiske, kognitive eller psykiske barrierar som held fram over tid, og som krev spesifikk støtte for at individet skal kunne fungere i samfunnet, inkludert utdanning.

C. Studentar med flyktningstatus

Alle studentar med flyktningstatus reknast å ha færre moglegheiter.

D. Studentar som tilhøyrer urbefolkninga og nasjonale minoritetar

Alle studentar som har ei tilknytning til urbefolkninga (samane) eller dei nasjonale minoritetane (jødar, kvener/norskfinnar, romanifolk/tatarar, skogfinnar og rom).

Tilhøyrsla kan knytast til språk og kulturell forankring ved at studenten anten

a) nyttar det aktuelle språket som heimespråk og/eller

b) har eller har hatt forelder, besteforelder eller oldeforelder med det aktuelle språket som heimespråk

Eller (*gjeld berre samiske studentar*)

c) står i, eller er barn av ein person som står eller har stått i, det samiske manntalet